

Søknad

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2017-0154 | Søknadsår | 2017 | Arkivsak |
| Støtteordning | Regionale utviklingsprosjekt Hordaland | | | |
| Prosjektnavn | Sunde Kyst- og Litteratursenter | | | |

Kort beskrivelse

Me vil utvikla det gamle båtbyggjeriet, Bergslagen, Sunde, til å bli ein tenleg og unik stad for formidling av kystkultur og litteratur frå Sunnhordland. No søkjer me om midlar til byggjetrinn 2, slutføring av opprusting av hovudhuset. Me fekk i 2015 midlar til byggjetrinn 1 frå Regionale utviklingsprosjekt.

Prosjektbeskrivelse

Sunde Kyst- og Litteratursenter (SKL), som vert kalla Bergslagen, skal dokumentera og formidla både den materielle kystkulturen og litteraturen, både "båtar og bøker", og vere ein læringsarena, eit levande museum og ein samlingsplass. Me vil arbeida for å ta vare på og utvikla Bergslagen til eit levande kulturminne gjennom å etablera Sunde Kyst- og Litteratursenter som ein profesjonell institusjon, og slik leggja til rette for vidareføring, styrking og skaping av verdfull aktivitet.

Blandinga av kystkultur og regional litteratur er ein særeigen kombinasjon som vil gjera det mogeleg med nyskapande kulturformidling. Ein slik institusjon vil styrkja Husnes som regionalt senter.

(Sjå vedlagt Sluttrapport frå forprosjektet)

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---------------------------------|--|--|------------|
| Søker / Prosjekteier | Sunde Kyst- og Litteratursenter Org.nr:986585125 | Solbakken 9 5450 SUNDE I SUNNHORDLAND | 48271862 |
| Kontakt- person | Lars Amund Vaage | Vågsvegen 86 5450 SUNDE I SUNNHORDLAND | 48271862 |
| Prosjekt- leder | Kvinnherad kommune v/Stein Sahr | Rådhuset, Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL | 976 71 604 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Har mottatt offentlig støtte frå:

Unike regionale utviklingsprosjekt, Hordaland fylke, 2015

KUP-midlar, Hordaland fylke, 2016

LivOgLyst 2016

Kommunale midlar 2017 og tilsegn om 2018

Norsk Kulturråd ved fleire arrangement.

Har søkt støtte offentleg støtte hos:

Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, Hordaland fylke.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Strandstaden Sunde blei i Kulturminneåret 1997 kåra til kulturminne i Kvinnherad. Industrihistoria her er spesiell i landsmålestokk; det er truleg den første plassen i landet med hermetikkindustri, alt frå 1866 av. Staden voks fram med landbruk, fiske, handel, handverk og sjøfart, og busetjing rundt desse verksemdene. Sunde har også svært lenge vore eit senter for båtbygging, både av større og mindre båtar. Det tidlegare båtbyggjeriet Bergslagen som no skal nyttast til Sunde Kyst- og Litteratursenter, ligg sentralt plassert i Sunde sentrum.

Sunnhordlandslitteraturen er ein særeigen og sentral del av den norske litteraturen. Forfattaren Ragnvald Vaage budde og arbeidde på Sunde. Jens Tvedt er ein annan klassikar frå Kvinnherad. Jonas Lie er knytt til området gjennom at faren var sorenskrivar i Sunnhordland og budde på Husnes. Litteraturen i Sunnhordland er rik og levande med mange gonger så høg forfattertettleik som andre stader i landet. Eit senter for Sunnhordlandslitteraturen har lege i korta lenge og me er godt i gang med å skapa dette senteret.

Litteratur og annan kystkultur bør markerast som viktige kjenneteikn - merkevarer - for sunnhordlandsregionen. Dette kan ha ringverkander, ikkje berre kulturelt, men også når det gjeld næringsutvikling/reiseliv.

Sunde har gjennom åra mista mange verksemder. Eit fokus på Sunde gjennom å skapa eit levande kulturminne, vil kunna gi nytt liv til bygda. Husnes er eit ungt samfunn (utbygginga starta på 1960-talet) med få historiske bygningar. Ved å sjå etableringa av Sunde Kyst- og Litteratursenter som ein del av utviklinga av regionsenteret Husnes, vil ein kunne gjera staden meir attraktiv ved å tilføra historisk foranking og formidla kystkulturelle tradisjonar.

I 2010 kjøpte Kvinnherad kommune båtbyggjeriet Bergslagen. Føremålet med investeringa var å leggja eit kystkultursenter til denne staden. Det var klart at litteraturen i regionen skulle reknast som ein del av kystkulturen. Stiftinga Sunde Kyst- og Litteratursenter leiger anlegget av kommunen. Kommunen er representert i styret for stiftinga ved kultursjef Linda Øen.

Ein viktg tanke for stiftinga har vore å starta med arrangement og aktivitet med det same, og ikkje venta til anlegget er ferdig opprusta. Dei siste åra har det vore skipa til mange kystkultur-aktivitetar, som kystkultur dagar og utstillingar, og det har vore mange godt besøkte litteraturarrangement. Desse har vore utforma rundt forfattarar frå regionen, men med vitjingar frå mange av dei fremste forfattarane i landet. Såleis hadde me i februar 2015 eit stort arrangementet i høve Einar Øklands 75-årsdag. I 2016 hadde me seminar og opplesingskveld om forfattarskapen til Rune Belsvik og Anne Karin Fonneland (Sjå vedlegg)

Prosjekt mål

Sunde Kyst- og Litteratursenter skal dokumentera og formidla både den materielle kystkulturen og litteraturen, både "båtar og bøker", og vera ein læringsarena, eit levande museum og ein samlingsplass i fleire tydingar av ordet. Me vil arbeida for å ta vare på og utvikla strandstaden Sunde gjennom å etablera Sunde Kyst- og Litteratursenter som ein profesjonell institusjon, og slik leggja til rette for vidareføring, styrking og skaping av verdfull lokal aktivitet.

For å få dette til, skal me reparera og opprusta eksisterande hovudhus, slipp og byggjehall. I hallen skal det etablerast ein funksjonell båtbyggjarverkstad og det skal også etter kvart lagast eit nybygg der litteraturen, bøkene, skal halda til. (For teikningar sjå vedlegg)

I denne søknadsrunden er det byggetrinn 2 av opprustinga av Bergslagen det dreier seg om. Dette går ut på å gjera verkstaden i 1. etasje om til forsamlingslokale/festsal/serveringsstad. I andre høgda blir det møterom, kontor og utstillingslokale, og i tredje høgda skal det leggjast til rette for gjesteleilegheit. Det pågåande byggetrinn 1 dreier seg om komplett takkonstruksjon, nye fasadar med vindauge, kai og sjøanlegg, og uteområde. Festlokale i kjellaren (på kaiplan) kjem til å bli eit svært vakkert og seireige lokale. Under opprustinga blir det lagt stor vekt på å bevare sjela i anlegget. Etter ombygginga kjem hovudhuset til å høva særst godt for formålet og det kjem til å bli ein stad det går gjetord om og der folk gjerne vil vera. Det blir eit lokale for kulturarrangement av ulikt slag, men også ein samlingsstad for bygda og ein ynda stad for private samlingar, bryllup, festar o.a. (Dette siste vil gi gode leigeinntekter for SKL)

Det skal takast miljøomsyn i all verksemd hos Sunde Kyst- og Litteratursenter.

(Sjå vedlegg for kostnadsoverslag og finansieringsplan byggetrinn 2. Vedlagt også Statusrapport 02.06.2017 og revidert kostnadsplan og finansieringsplan byggetrinn 1.)

Forankring

Kvinnherad kommune er ein viktig samarbeidspartnar. Kommunen har kjøpt Bergslagen, og er også støttespelar i store og små saker og arrangement.

Kommunen er byggeleiar for utbygginga. Sunde Kyst- og Litteratursenter er eit prioritert prosjekt for kommunen. (Sjå vedlagde Prioritering av søknader frå Kvinnherad kommune.)

Kommunen har løyvd store summar til prosjektet.

Hordaland fylke har løyvd midlar gjennom Regionale utviklingsprosjekt og KUP. SKL har vore den leiande krafta i prosjektet Strandstaden Sunde, og fått løyvingar til dette frå LivOGLyst

Me samarbeider med Sunde Grendalag, Kvinnherad kystlag og andre lokale lag og organisasjonar.

Norsk Forfattarsentrum, Vestlandet, har vore samarbeidspartnar ved fleire arrangement

Samarbeid med Sunnhordland Museum er sentralt og me vil leggja vekt på å utvikla det vidare.

Fylkeskommunen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har løyvd midlar til forprosjektet.

Mange arrangement har vore støtta av Norsk kulturråd, Norsk forfattarsentrum, Folkeakademiet i Hordaland, Forbundet Kysten og lokalt næringsliv, ikkje minst Hydro Husnes og Sparebank1stiftinga

Det har vore halde møte med nabokommunane om tiltaket, og ein har registrert stor interesse. Til dømes kan Sunde Kyst- og Litteratursenter bli viktig for å ta vare på og dyrka arven etter Ragnvald Vaage, Johannes Heggland og andre avdøde forfattarar.

Skuleverket blir viktige samarbeidspartnere. Sunde skule har lenge lagt stor vekt på kystkultur. Grunnskular i regionen vil ha nytte av tiltaket vårt. Ein vil også søkja samarbeid med Kvinnherad vidaregåande skule.

Det er planlagt samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund om forskning og litteraturformidling.

I norsk litteraturmiljø er det stor interesse for tiltaket fordi det representerer noko nytt og annleis innan kulturformidling.

Einskildpersonar har støtta oss økonomisk og det har vore lagt ned ein stor dugnadsinnsats.

Det er ingen reguleringsplan i området, og løyva som trengst blir derfor handsama som dispensasjonar. Me har grunn til å tru at det ikkje vil vera problem med å få dei naudsynte løyva.

Prosjektorganisering

Sunde Kyst- og Litteratursenter har eit styre på 5. Kjell Magne Stråbø er styrleiar. Linda Øen er kommunens representant. Kommunen, ved Stein Sahr, er byggeleiar. Styringsgruppe med tre frå kommunen og to frå SKL er oppretta.

For utvikling av bygningar, kalkylar, teikningar, framdriftsplanar, har me engasjert JK.arkitektur, Stord. Sunnhordland Museum har rådd oss til å bruka dette firmaet fordi dei har røynsle med kystarkitektur og å opprusta gamle bygningar. JK.arkitektur vil følgja opp byggetrinn 2 og arbeidet vidare.

Bygg- og anleggslinja ved Kvinnherad vidaregåande kjem til å delta i arbeidet. Mykje av arbeidet vil bli gjort på dugnad. I dugnadsgjengen har me fleire handverkarar med mykje kunnskap om bygningsfag og kystkultur.

Samarbeidspartnere

Når det gjeld kystkulturell kompetanse samarbeider me tett med ressurspersonar i nærmiljøet, slik som tildegare båtbyggjar Einar Tveit. I Kvinnherad kystlag finst det stor kompetanse i båtbygging og andre handverkstradisjonar.

Sunde Grendalag er ein viktig partner.

Me har svært god litteraturkompetanse i regionen. Mange av forfattarane har vore brukte som opplesarar og føredragshaldarar. Ein god del av dei, slik som Anne Karin Fonneland, Hanne Bramness, Solfrid Sivertsen, Per Olav Kaldestad, Einar Økland, Anders Totland, Lars Amund Vaage, har vore aktive i planegging, arrangering og formidling.

Det vil vera naturleg å samarbeida med Forbundet Kysten, Norsk Hermetikkmuseum i Stavanger, Sjøfartsmuseet i Bergen og Hardanger Fartøyvernssenter. Det same gjeld Kvinnherad bibliotek, Sunnhordland museum, Fylkeskonservator, og andre kystkultursenter i nærleiken, og kultursenter som Cabuso. Me vil også samarbeida med Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-senteret, Hauge-senteret i Ulvik, som òg er ein del av Nynorsk kultursentrum, Litteratursymposiet i Odda, Litteraturhuset i Bergen og andre litteraturmuseum gjennom Litteraturnettverket. Me vil utvikla samarbeidet med Høgskolen Stord/Haugesund. Me ser for oss kontakt med dei få tilsvarande sentra i andre land som t.d. Scarborough Maritime Heritage Center i Nord-England. Me vil få på plass eit varig og nært samarbeid med barnelitteraturfestivalen Falturiltu på Stord som vil leggja nokre av sine programpostar til Bergslagen.

Me vil òg leggja vekt på samarbeid med det lokale næringslivet, og dra fleire verksemdar med. Både Sparebanken 1, Sparebanken Vest og HMR Service Partner og Alsaker fjordbruk har vore med og støtta arrangement,

Me har inne nye søknader hos Sparebanken Vest, både lokalt og sentralt.

Me vil søkja om kommunalt byggetilskot. I framtida vil me søkja om midlar til verdiskapingsprosjekt hos riksantikvaren. Kulturminnefondet gir støtte til å ta vare på ikkje freda bygningar. Me vil søkja Rom for kunst hos Norsk kulturråd. Og me vil søkja tilskot frå Kulturdepartementet.

Aktivitetar

Dei siste 7 åra har det vore aktivitet ved senteret. Det har vore skipa til mange kyskulturaraktivitetar, som kyskulturdagar og utstillingar, og det har vore mange godt besøkte litteraturarrangement. Desse har vore utforma rundt forfattarar frå regionen, men med vitjingar frå mange av dei fremste forfattarane i landet.

Ei teatergruppe for born og unge har samlingar kvar veke.

Det blir arrangert laurdagskafear og temakveldar med ulikt innhald. Det har vore halde basar, dans, og jonsokfeiring

Nytt av året er arrangementserien "Bok og boller" som ofte har born og unge som målgruppe.

I 2016 vart det lagt ned 820 dugnadstimar og dugnadsarbeidet held fram med full styrke, til no har me hatt 350 dugnadstimar i 2017. Bla. er den gamle kaien riven, det er støypt betonggolv i byggjehallen, rydda ut av kjellaretsjen og laga ferdig båtmotorhall.

(Sjå vedlagde årsmelding for 2016)

Målgrupper

Målgrupper for Sunde Kyst- og Litteratursenter:

Barnehage og grunnskule

Vidaregåande skule

Barnefamiljar

Pensjonistar

Båtbyggjarar

Litteraturinteresserte

Forfattarar og andre kunstnarar

Handverkarar

Historisk interesserte

Båtfolk

Turistar

Studentar

Det vil bli laga undervisningsopplegg for skuleverket på ulike nivå. Skuleklassar skal kunna koma og få innblikk i kystkultur, litteratur og historie.

Skuleborn kan få undervisning i tradisjonelle handverk og husflid, og kan sjølve få øving i slikt.

Bergslagen skal framleis vera eit operativt båtbyggjeri. Det skal byggjast mindre båtar, og ein skal kunna utføra reparasjonar.

Slippen er i drift og blir brukt av mange båtfolk.

Det skal lagast litteraturarrangement som opplesingar, skrivekurs og utstillingar.

Det skal opprettast bibliotek med skjønnlitteratur og sekundærlitteratur slik at folk kan koma og bli orienterte om litteraturen i regionen. Lokal faglitteratur skal vera med.

Det framandkulturelle har alltid vore ein viktig del av kystkulturen. No er dette meir aktuelt enn nokon gong. Me vil søkja å trekkja nye landsmenn med i arbeid og aktivitetar.

Resultat

Resultatet av opprustinga av hovudhuset er at me får ein tenleg og tiltalende stad for arrangement og aktivitetar.

Aktivitetane og arrangementa kan gi auka medvit om litteratur og tradisjon og visa litteraturens og kystkulturens plass i dagens samfunn.

Arrangementa og aktivitetane blir haldne midt i det historiske Sunde sentrum. Dette kan styrkja lokal identitet og forankring.

Me kan formidla litteratur og kystkultur som kanskje eller ikkje hadde fått mykje merksemd.

Litteratur blir ofte knytt til språk- og litteraturvitenskap. Like viktig er det å knyta litteraturen saman med dei miljøa han veks ut av. Det kan synast som om sunnhordlandslitteraturen har eit særleg tett forhold til folkeliv og arbeidsliv i regionen, og ikkje minst til munnlege forteljetradisjonar. Kanskje er det dette nære forholdet mellom samfunn og dikting som er sjølvne årsaka til at Sunnhordland er så litterært rikt. Denne sterke stoda for litteraturen kan ein elles også sjå i nabolanda i vest, Island og Færøyane. Me synest det er viktig å peika på denne tradisjonen, visa han fram, og me vil gjerne forska vidare på bakgrunnen for han. Samstundes er dei historiske og sosiale røtene til sunnhordlandslitteraturen ein god grunn til å visa han saman med den handgripelege kystkulturen.

Materiell og immateriell kystkultur heng saman.

Effekter

Måloppnåing og resultatstyring er ikkje så enkelt å forholde seg til ved eit kulturtiltak som dette.

På eitt plan er det vanskelegaste å finansiera den naudsynte oppgradering av anlegget.

På eit anna plan er me avhengige av lokal entusiasme og kompetanse for å skapa eit levande miljø som kan bera fram rike og inspirerande arrangement og tiltak.

Til no har arrangementa i Bergslagen vore godt besøkte og har skapt mykje entusiasme.

Arrangementa våre er godt etablerte og kjende i regionen. Me vonar det vil halda fram slik.

I "Regional plan for attraktive senter" frå 2014 står det: "Sentra skal utformast slik dei er attraktive å vere, bu og drive næring i". Vidare skal sentra "byggja på stadens historie, særpreg og landskapstrekk." Me trur me kan gi eit viktig bidrag til å gjera Husnes-området meir attraktivt. Kulturtilbod er ein viktig trivselsfaktor. Og me synest det er sterk trong for å styrkja historiske og tradisjonelle innslag ved Husnes som regionalt senter.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2018 august: Prosjektgruppe etablert

2018 oktober: Planlegging og prosjektering ferdig

2019 januar: Byggjearstart

2019 desember: Prosjekt ferdig

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|------|------------------|------------------|------|------|------------------|
| Innreiing forfattar/båtbyggjarleileg heit | | | 606 000 | | | 606 000 |
| Innreiing hovudetasje | | | 2 700 500 | | | 2 700 500 |
| Innreiing underetasje | | 2 370 000 | | | | 2 370 000 |
| Sum kostnad | | 2 370 000 | 3 306 500 | | | 5 676 500 |

Tala er for byggjetrinn 2. Kalkyle er utarbeidd av JK.Arkitektur. (Sjå vedlegg)

For status vedg. byggjetrinn, 1 sjå vedlagde oppdaterte kostnads kalkyle og Statusrapport 02.06.2017. Sjølv om det blei endringar i høve til opphavleg søknad når det gjeld innhaldet i byggjetrinn 1, (godkjend av fylket

31.1.2017) er sluttsummen for kostnader den same som den opphavlege. I byggjetrinn 1 er det til no berre brukt kommunale midlar, i storleiksorden 500000.

(På den reviderte kostnadsplanen står det at det gjeld løyvde KUPmidlar, det rette er midlar til regionale utviklingsprosjekt som blei tildelt i førre runde.)

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|------------------|------------------|----------------|------|------|------------------|
| Dugnad | | 300 000 | 400 000 | | | 700 000 |
| Eigne midlar | | | 576 500 | | | 576 500 |
| Kommunale midlar | | 500 000 | | | | 500 000 |
| Regionale utviklingsprosjekt Hordaland | 3 000 000 | | | | | 3 000 000 |
| Tilskot til kulturhus med regionale funksjonar | | 900 000 | | | | 900 000 |
| Sum finansiering | 3 000 000 | 1 700 000 | 976 500 | | | 5 676 500 |

Geografi

1224-Kvinnherad

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---|--------------|------------|
| Dobbelt jubileum på Berslagen program.pdf | 1 392 885 | 13.06.2017 |
| Estimat b2 Sunde kyst og litteratursenter.pdf | 195 633 | 08.06.2017 |
| Prioritering av søknader - Regionale utviklingsmidlar.pdf | 78 349 | 13.06.2017 |
| Revidert kostnadsplan og finansieringsplan byggetrinn 1.pdf | 43 807 | 14.06.2017 |
| Sluttrapport Sunde kyst- og litteratursenter.pdf | 7 083 299 | 13.06.2017 |
| Statusrapport P5728. 06-17.pdf | 57 796 | 14.06.2017 |
| Sunde kyst og litteratursenter høg oppløysing.pdf | 41 067 243 | 08.06.2017 |
| Årsmelding 2016 rev B.pdf | 114 552 | 14.06.2017 |